



KONFIRMAN*
2020



DEN NORSKE KYRKJA



No er det din tur til å bli konfirmant



Konfirmasjon handlar om ditt liv og dine spørsmål.
Heilt enkelt det som er viktig for deg. Konfirmasjon handlar òg
om å bli betre kjent med kristen tru. Du får sjansen til å utforske
mange viktige spørsmål.

I konfirmanttida vil det og vere mogleg å bruke nye sider
ved deg sjølv, utan krav til prestasjon.

Kva skjer i konfirmanttida?

Konfirmanttida er variert og innholdsrik.

Her er noko av det du får oppleve:

- Gode fellesskap
- Undervisning og samtalar om kristen tru og det å vere ung
- Engasjement i miljø- og solidaritetsarbeid
- Å bli kjent med kyrkjerommet
- Å vere med på gudstenester
- Turar eller konfirmantleir

Opplegget for konfirmanttida varierer litt frå stad til stad.

*Eg gledde meg til kvar gong
det var konfirmantsamling.
Det var eit kjempegodt miljø, og no
har eg vorte konfirmantleiar!*

—
Anna-Lotta



KONFIRMASJONSDAGEN

Konfirmasjonsgudstenesta er høgtideleg og fin.
Du kjem fram til alterringen der det blir
bedt ei bøn for deg.

Ei konfirmanttid for alle

Kyrkja er eit fellesskap med mangfald, og vi
ønskjer at alle skal få ei god konfirmanttid.
Er det behov for individuell tilrettelegging,
ta kontakt med kyrkja. Døvekyrkjelydane
har òg eit eige konfirmanttilbod.
Sjå kontaktinformasjon på side 16.

Er du ikkje døypt?

Du er velkomen til å vere med i konfirmanttida sjølv om du ikkje er døypt. Sjølve konfirmasjons-gudstenesta føreset at du er døypt. Kwart år blir om lag 1000 ungdommar døypte i konfirmanttida. Les meir på kyrkja.no/konfirmasjon

Tema i konfirmanttida

Her er nokre av tema som er med i konfirmanttida:

- Vennskap og relasjonar
- Gud, Jesus og Den heilage ande
- Solidaritet og nestekjærleik
- Sorg og glede, godt og vondt
- Kjærleik, seksualitet og samliv
- Bibel og bønn
- Gudsteneste og nattverd
- Sjølvbilete og menneskesyn
- Miljø og rettferd

Eg hadde lyst til å lære meir om kristen tru, og så vart eg døypt i konfirmanttida.

—
Julia

Vi snakka veldig mykje om det vi ungdommar går igjennom, og som vi kanskje ikkje snakkar så mykje om på skulen eller med foreldre.

—
Elena

Tida som konfirmant fekk mykje å seie for korleis eg trur og korleis eg er sosialt.

—
Daniel



Samisk konfirmantleir

Samisk konfirmantleir er eit tilbod med samisk innhald, for konfirmantar frå heile landet. På leiren brukar ein samisk og norsk. I 2020 blir leiren arrangert i Snåsa frå 12. til 15. mars. Les meir på kyrkja.no/samisk

Sámi konfirmántaleaira

Sámi konfirmántaleaira lea fáladat mas lea sámi sisdoallu konfirmánttaide miehtá riikka. Leairras gulahallá sihke sámegielain ja dárogielain. Leaira lea Snåsas njukčamánu 12.-15. b. 2020. Loga eanet dás: kirken.no/samisk

Ung i kyrkja

Kyrkja er open for alle. Dei fleste stader finst det tilbod for unge i kyrkja og i organisasjonar som driv kristent ungdomsarbeid. Dette blir du kjent med i konfirmanttida. Mange kyrkjelydar tilbyr leiartrening for deg som ønskjer å bli konfirmantleiar.

DU HAR RØYSTERETT

Når du fyller femten år, er du religiøst myndig. Da kan du røyste ved kyrkjevalet i september 2019.



Gå for en rettferdig verden!



Vert du oppgitt over klimaendringane, og synest at verda er full av urett? Kwart år går 40.000 konfirmantar og vaksne ut og gjer noko med det. Pengane du kan vere med å samle, gjer det mogeleg for Kirkens Nødhjelp å rykkje ut i katastrofar med tørke og flaum. Bli med!

Den norske kyrkja

Kyrkjene i Noreg eig Kirkens Nødhjelp, ein av dei største bistandsorganisasjonane i landet. På vegne av kyrkjene jobbar dei med naudhjelp, langsiktige prosjekt og politisk påverknad ute i verda. Kwart år har kyrkjelydane ein innsamlingsdugnad som heiter Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Pengane vi samlar inn går til alt Kirkens Nødhjelps arbeid globalt.

Les meir på www.fasteaksjonen.no



Bli ein Changemaker!



Changemaker er Kirkens Nødhjelp sin ungdomsorganisasjon. Vi jobbar med dei grunnleggande årsakene til ei urettferdig verd.

Vi er åpne for alle mellom 13 og 30 som vil gjere verda til ein betre stad.

Klart vi kan forandre verda!

Les meir om oss på changemaker.no



Det er mange gode grunnar til å konfirmere seg

Hei. Eg heiter Solveig og eg vil ynskje deg velkomen som konfirmant i kyrkja!

Det er mange gode grunnar til å velge konfirmasjon. Det kan vere tradisjon, vener, samhald, feiring, opplevingar, og eit fint høve til å stille spørsmål og reflektere over trua og livet i lag med konfirmantlærarane dine og dei andre medkonfirmantane.

Valet om å bli konfirmant er ditt, og uansett grunn, er du velkomen.

Sjølv er eg både døypt, konfirmert og gift i kyrkja.

Konfirmasjonsdagen hugsar eg godt. Kyrkja var full av folk.

Eg knelte ved alterringen. Namnet mitt vart sagt. Eg vart beden for.

Det var ein sterk augenblink.

Eg trur konfirmanttida kan vere ei tid for å finne ut meir om seg sjølv, og utforske både Bibelen og kyrkja.

Alle har ein plass i kyrkja.

Vi er alle rekna med.

Her gjev Gud oss framtid og håp.

Biskop Solveig Fiske



Solveig Fiske er biskop i Hamar bispedømme.

PÅMELDING

Kyrkja du høyrer til, sender ut meir informasjon om konfirmasjonsopplegget. Somme stader er det konfirmasjon om våren, andre stader om hausten.

Informasjon om påmelding finn du òg på nettsidene til kyrkjelyden. Dersom du ikkje veit kva kyrkjelyd du høyrer til, kan du gå inn på kyrkja.no, eller sjå side 15.



KYRKJELYDANE I HAMAR BISPEDØMME

På denne sida finn du telefonnummeret til kyrkjekontoret der du bur. Dersom du ikkje finn den informasjonen du treng på heimesida til kyrkja, kan du ringje dei. Då vil dei kunne svare deg på når og kor du kan melde deg på til konfirmasjon.

Alvdal sokn	62 48 90 75	Furnes sokn	62 33 07 70	Lesja sokn	61 24 42 50	Saksumdal sokn	61 27 08 88	Tørberget sokn	47 77 59 95
Arneberg sokn	62 95 58 50	Fåberg sokn	61 27 08 88	Lesjaskog sokn	61 24 42 50	Sand sokn	62 96 80 80	Ullern sokn	62 96 80 80
Atneosen sokn	47 70 45 35	Fåvang sokn	61 28 43 50	Lidar sokn	61 35 25 76	Sel sokn	61 20 90 50	Unles sokn	61 35 90 90
Aulstad sokn	61 24 89 40	Garmo sokn	48 16 55 28	Lillehammer sokn	61 27 08 88	Sjøli sokn	40 80 68 40	Vallset sokn	62 57 89 30
Aurdal sokn	61 35 90 90	Gjesåsen sokn	62 95 58 50	Ljørdalen sokn	47 77 59 95	Skjåk sokn	94 86 22 67	Vang sokn	62 56 37 50
Austmarka sokn	62 88 66 80	Gjøvik sokn	61 14 64 80	Lom sokn	48 16 55 28	Skrautvål sokn	61 35 90 90	Vang sokn	61 36 95 90
Bagn sokn	61 34 85 80	Gran/Tingelstad sokn	61 33 52 05	Lomen sokn	61 34 50 95	Skute sokn	61 12 66 70	Vardal sokn	61 14 64 80
Balke sokn	61 14 15 11	Gravberget sokn	62 42 40 95	Lunde sokn	61 11 61 27	Skåbu sokn	61 21 62 90	Venabygd sokn	61 28 43 50
Begnadal sokn	61 34 85 80	Grua/Harestua sokn	61 32 48 00	Lunner sokn	61 32 48 00	Slidre sokn	61 34 50 95	Vestmarka sokn	62 83 37 80
Biri sokn	61 14 64 80	Grue Finnskog sokn	62 94 10 40	Løten sokn	62 59 30 30	Snertingdal sokn	61 14 64 80	Vestre Gausdal sokn	61 24 89 40
Bjønøra sokn	61 33 52 05	Grue sokn	62 94 10 40	Mo sokn	62 96 80 80	Sollia sokn	47 70 45 35	Vingelen sokn	62 49 65 93
Brandbu sokn	61 33 52 05	Hamar sokn	62 56 37 50	Moen/Ål sokn	61 33 52 05	Stange sokn	62 57 89 30	Vinger sokn	62 88 66 80
Brandvål sokn	62 88 66 80	Hanestad sokn	40 80 68 40	Narbuvooll sokn	62 47 03 43	Stor-Elvdal sokn	47 70 45 35	Vingrom sokn	61 27 08 88
Brufflat sokn	61 12 13 20	Hedalen sokn	61 34 85 80	Nes sokn	62 33 07 70	Strand sokn	47 70 45 35	Volbu sokn	61 35 25 76
Brumunddal/Veldre sokn	62 33 07 70	Heensåsen sokn	61 36 95 90	Nordberg sokn	94 86 22 67	Strøm sokn	62 96 80 80	Vågå sokn	61 29 37 43
Brydalen sokn	62 48 55 60	Hegge sokn	61 35 25 76	Nord-Etnedal sokn	61 12 13 20	Svatsum sokn	61 24 89 40	Våler sokn	62 42 40 95
Brøttum sokn	62 33 07 70	Heidal sokn	61 20 90 50	Nordlien sokn	61 14 15 11	Svenes sokn	61 35 90 90	Ytre Rendal sokn	40 80 68 40
Bråstad sokn	61 14 64 80	Heiadsbygd sokn	62 43 52 70	Nordre Osen sokn	62 44 29 10	Sønderp sokn	61 21 62 90	Østby sokn	47 77 59 95
Bøverdalen sokn	48 16 55 28	Hernes sokn	62 43 52 70	Nordre Trysil sokn	47 77 59 95	Sømdålen sokn	62 45 96 00	Østre-Gausdal sokn	61 24 89 40
Dalsbygda sokn	62 47 03 43	Hodalen sokn	62 49 65 93	Nordre Ål sokn	61 27 08 88	Søndre Land sokn	61 12 66 70	Østsiinni sokn	61 11 61 27
Deset sokn	62 44 29 10	Hof Finnskog sokn	62 95 58 50	Nord-Sel sokn	61 20 90 50	Søre Elvdal sokn	62 45 96 00	Øvre Follidal sokn	62 49 10 00
Dombås sokn	61 24 00 36	Hof sokn, Åsnes	62 95 58 50	Nordsiinni sokn	61 11 61 27	Søre Osen sokn	47 77 59 95	Øvre Rendal sokn	40 80 68 40
Dovre sokn	61 24 00 36	Hoff sokn, Toten	61 14 15 11	Nordskogbygda sokn	62 43 52 70	Søre Ål sokn	61 27 08 88	Øye sokn	61 36 95 90
Drevsja sokn	62 45 96 00	Holøydalen sokn	62 49 65 93	Oppstad sokn	62 96 80 80	Sør-Fron sokn	61 29 92 30	Øyer sokn	61 26 82 20
Eidskog sokn	62 83 37 80	Hunn sokn	61 14 64 80	Os sokn	62 47 03 43	Sørskogbygda sokn	62 43 52 70	Åmot sokn	62 44 29 10
Eina sokn	61 15 33 25	Høre sokn	61 36 95 90	Ottestad sokn	62 57 89 30	Tangen sokn	62 57 89 30	Ås sokn	61 15 33 25
Elgå sokn	62 45 96 00	Jevnaker sokn	40 00 38 85	Plassen	47 77 59 95	Tingnes sokn	61 35 90 90	Åsmarka sokn	62 33 07 70
Elverum sokn	62 43 52 70	Kapp sokn	61 14 15 11	Raufoss sokn	61 15 33 25	Tisleidalen sokn	61 35 90 90	Åsnes Finnskog sokn	62 95 58 50
Engehaugen sokn	61 14 64 80	Kolbu sokn	61 14 15 11	Reinli sokn	61 34 85 80	Tolga sokn	62 49 65 93	Åsnes sokn	62 95 58 50
Enderdal sokn	62 45 96 00	Kvam sokn	61 21 62 90	Ringebu sokn	61 28 43 50	Torpa sokn	61 11 61 27	Døves menighet i Oslo	
Evenstad sokn	47 70 45 35	Kvikne sokn,		Ringsaker sokn	62 33 07 70	Tretten sokn	61 26 82 20	og Østlandet	23 33 43 20
Fluberg sokn	61 12 66 70	N.Gudbrandsdal	61 21 62 90	Rogne sokn	61 35 25 76	Trysil sokn	47 77 59 95	SMS	
Follidal sokn	62 49 10 00	Kvikne sokn,N.Østerdal	62 48 55 60	Romedal sokn	62 57 89 30	Tyllidalen sokn	62 48 55 60	Døves menighet i Trondheim	
Follebu sokn	61 24 89 40	Leirskogen sokn	61 34 85 80	Røn sokn	61 34 50 95	Tynset sokn	62 48 55 60	SMS	91 16 26 36



Sjå filmer og les meir: kirken.no/konfirmasjon

Til deg som har fått denne brosjyra i posten frå bispedømme: Denne brosjyra vert send til deg som fyller 14 i år og som er medlem eller tilhøyrande i Den norske kyrkja. Dåp gjev medlemskap. Tilhøyrande er barn og unge som ikkje er døypte, men har forelder som er medlem i Den norske kyrkja. Tilhøyrande vert automatisk sletta frå registeret ved fylte 18 år. Les meir på kyrkja.no/tilhørysel

DØVEKYRKJELYDANE

Døvekyrkjelydane har eige konfirmanttilbod
KONTAKTINFORMASJON
Døves menighet i Trondheim:
Telefon: 73 51 60 77
SMS: 90 64 46 65
dovekirken.no/trondheim


UTANLANDS NESTE ÅR?

Du kan vere knytta opp til ei av sjømannskyrkjene rundt om i verda og ha konfirmasjon der eller i eigen kyrkjelyd i Noreg. Det er også mogleg å vere «nettkonfirmant».

Sjå sjomannskirken.no eller nettkirken.no



4HBdNN



STØRST AV ALT
TRUSOPPLERING I DEN NORSKE KYRKJA

